

 <b>HELSE BERGEN</b> <small>Haukeland universitetssjukehus</small>	<h2>Kompetanseprogram for helsefagarbeidarar - programplan</h2>	
Kategori: Forskning, innovasjon og utdanning/Utdanning og kompetanse	Gyldig fra/til:05.08.2024/05.08.2025	
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Forskning, opplæring og utdanning	Versjon: 2.02	
Godkjenner: Sirhaug, Frode	Informasjon	
Dok. ansvarlig: Merete Hefte	Dok.id: D70719	

## Bakgrunn

Handlingsplan for helsefagarbeidarar i Helse Bergen med 10 tiltakspunkt.

## Målgruppe og opptakskrav

Programmet er målretta helsefagarbeidarar med klinisk erfaring og som arbeider ved sengepostar i Helse Bergen.

Forkunnskap:

Bruker og har sertifisering i medisinsk utstyr i samsvar med følgjande kompetanseplan HBE; Helsefagarbeider; Medisinsk utstyr (MU)

Dokumenterer observasjonar og tiltak i Dips og Meona.

## Søknad

Avdelingssjukepleiar/seksjonsleiar melder inn kandidatar til koordinator av programmet på eige søknadsskjema.

## Modul 1 Systematisk observasjon og sepsis

### Læringsutbytte:

#### Anatomi og fysiologi:

- Grunnleggande oversikt over samanhengar i kroppen
- Kva og kvar i kroppen

#### Kjenner og kan bruke prosedyrane:

- Tidleg oppdaging av forverra tilstand
- Sepsis – sjukepleieobservasjonar og tiltak
- Tidleg oppdaging og rask respons ved forverra somatisk tilstand
- Perifer venekanyle (PVK) - innlegging, handtering og fjerning
- Oksygenbehandling for vaksne innlagt i sjukehus

#### Systematiske observasjonar:

- ABCDE
- NEWS 2
- ISBAR

#### Kan bruke medisinsk utstyr:

Alaris infusjonspumpe, oksygen vegguttak og kolbe

#### Grunnleggande ferdigheiter i:

- Innlegging, handtering og seponering av PVK
- Innlegging og seponering av urinkateter på kvinner

#### Simulering:

- Observerer pasientar systematisk ved bruk av ABCDE-prinsippet
- Samarbeider, tek slutningar, prioriterer og iverksetting av tiltak
- Brukar ISBAR som kommunikasjonsverktøy

## Arbeids- og undervisningsformer

Individuelle og gruppebaserte læringsmetodar blir brukt: undervisning, simulering, ferdigheitstrening og e-læringskurs, med stor vekt på ferdigheitstrening.

## Ferdigheitstrening

Kvalitetssikring i bruk av medisinsk utstyr og grunnleggande kompetanse til å utføre systematisk klinisk observasjon. Hovudfokus på tidleg oppdaging og rask respons ved forverra somatisk tilstand.

Det blir gitt grunnleggande opplæring i programmet, men sertifisering skjer lokalt i kvar eining og skal følge sentrale krav i Kompetanseportalen. Næraste leiar eller den leiar utpeikar godkjenner kompetansekravet.

## Simulering

Deltakarane trenar i team på observasjon av pasient, identifisere kliniske problemstillingar, formidle observasjonar til kollegaer og samarbeider om iverksetting av tiltak. Hensikta er å bruke prosedyrar, evne til kritisk tenking, slutningar og evne til kommunikasjon og teamarbeid. Simulering er basert på teoretisk undervisning, ferdigheits- og kommunikasjonstrening.

## Organisering

FOU, Kompetanseutvikling har ansvar for programmet i samarbeid med dei kliniske avdelingane. Programmet blir fortløpande evaluert og justert.

## Arbeidskrav

Det skal arbeidast med kompetanseplan parallelt i programmet.

## Godkjenning

All undervisning og ferdigheitstrening er obligatorisk.

Ein kan ikkje ha planlagt fråvær i den perioden ein deltek i programmet.

Seksjonsleiar/næraste leiar eller den seksjonsleiar delegerer til, godkjenner arbeidskrav og sertifisering, før utvida oppgåver kan gjerast sjølvstendig.